



Arkivnr: 2014/15801-27

Saksbehandlar: Guro Klyve

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for miljø og samferdsel		01.12.2016
Fylkesutvalet		08.12.2016

## Bussanlegg på Stord - kjøp av tilleggsareal på ca. 3,7 mål

### Samandrag

Fylkestinget godkjente i juni 2014 kjøp av areal til to bussanlegg i Sunnhordland. Den eine eigedomen er på Bømlo og den andre på Stord. I mars 2016 vart forprosjektet for bussanlegga godkjent.

Eigedomen på Øvre Sæ på Stord, gnr. 27 bnr. 811, vert hovudanlegget for rutepakke Sunnhordland. Byggearbeida har starta og anlegget skal stå ferdig til 15.05.2017.

Nord for bussanlegget ligg eigedomen gnr. 27 bnr. 868, og grunneigar skal selje denne. Med tanke på framtida vil det vere naturleg å estimere eit auka behov på bussanlegget på Øvre Sæ med minimum 30 %, noko som vil krevje meir areal. Det er grunn til å tru at ei slik utviding av bussanlegget fram i tid ikkje vil vere mogleg om ein ikkje kjøper eit tilleggsareal no.

Det er forhandla fram ein avtale med grunneigar om kjøp av ein parsell på ca. 3,7 mål av gnr. 27 bnr. 868 for kr 1.250 pr. m<sup>2</sup>, med ei betaling av kjøpesummen når arealet er frådelt og oppmålt. Eit areal på 3,7 mål gjev ein kjøpesum på kr 4.625.000. I tillegg kjem kostnader ved frådelling og tinglysing på ca. kr 150.000. Kostnadene vert dekt av investeringsmidlane for dei to bussanlegga, som er på 125 mill. kr.

Fylkesrådmannen rår til at den vedlagte kjøpekontrakten vert godkjent.

### Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet godkjenner vedlagte kjøpekontrakt for kjøp av eit tilleggsareal på ca. 3,7 mål av gnr. 27 bnr. 868 i Stord kommune for kr. 1.250 pr. m<sup>2</sup>.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Jostein Fjærestad  
direktør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg

- 1 Kjøpekontrakt
- 2 Situasjonkart

**Fylkesrådmannen, 15.11.2016**

Fylkestinget godkjente i juni 2014 kjøp av areal til to bussanlegg i Sunnhordland. Den eine egedomen er på Bømlo og den andre på Stord. I mars 2016 vart forprosjektet for bussanlegga godkjent.

Eigedomen på Øvre Sæ på Stord, gnr. 27 bnr. 811, ligg ca. 100 m frå avkøyringa frå E39 mot Leirvik, og dette vert hovudanlegget for rutepakke Sunnhordland. Byggearbeida har starta og anlegget skal stå ferdig til 15.05.2017.

Tomta er på 14,6 mål, og det vil bli plass til oppstilling av 34 bussar. Dette vil dekke behovet dei næraste 5-10 åra.

Nord for bussanlegget ligg gnr. 27 bnr. 868, og grunneigar skal selje denne egedomen. Med tanke på framtida vil det vere naturleg å estimere eit auka behov på bussanlegget på Øvre Sæ med minimum 30 %, noko som vil krevje meir areal. Det er grunn til å tru at ei slik utviding av bussanlegget fram i tid ikkje vil vere mogeleg om ein ikkje kjøper eit tilleggsareal no.

Gnr. 27 bnr. 868 er frådelt og oppretta på vilkår av at arealet vert nytta til næringsføremål i samsvar med kommunedelplanen for Leirvik, vedteken 06.12.07. I kommunedelplanen er arealet vist som byggeområde – erverv.

Det er forhandla fram ein avtale med grunneigar om kjøp av ein parsell på ca. 3,7 mål av gnr. 27 bnr. 868 for kr 1.250 pr. m<sup>2</sup>, med ei betaling av kjøpesummen når arealet er frådelt og oppmålt. Eit areal på nøyaktig 3,7 mål gjev ein kjøpesum på kr 4.625.000. I tillegg kjem kostnader ved frådeling og tinglysing på ca. kr 150.000. Kostnadene vert dekt av investeringsmidlane for dei to bussanlegga, som er på 125 mill. kr.

Vi har i avtalen teke atterhald om politisk godkjenning. Det er ein føresetnad for avtalen at Stord kommune godkjenner frådeling av arealet.

Fylkesrådmannen rår til at den vedlagte kjøpekontrakten vert godkjent.